

Til redaksjonen



Vestland  
fylkeskommune



BERGEN  
KOMMUNE

# Pressemelding

23.05.2

022

## Skal kartlegge fritida til alle barnefamiljar i Bergen og Vestland

**23. - 24. mai blir alle barnefamiljar i fylket inviterte til å delta i ei undersøking om barns fritid. Undersøkinga vil gi ny kunnskap om heile fritidslivet til barn og unge i heile Vestland.**

Resultatet gir kunnskap som kan legge til rette for betre tilbod, og blir viktige verktøy i arbeidet med å skape gode lokalsamfunn og nærmiljø.

Invitasjonane til å delta i undersøkinga blir sendt ut med e-post til alle med folkeregisteradresse i Vestland som har barn i alderen 3 til og med 17 år. Dei føresette blir spurde om barn og unge si fritid, si eiga rolle, og korleis medievanar dei har. Spørjeskjemaet vil ta om lag 15 minutt å svare på.

### **Kvifor er undersøkinga viktig?**

Resultata frå undersøkinga vil gje eit godt kunnskapsgrunnlag for kommunar, institusjonar og organisasjonar innan kultur, idrett og friluftsliv.

Undersøkinga gir svar på mellom anna vite kven som er med og kven som fell utanfor. Resultata frå undersøkinga vil òg gje eit godt kunnskapsgrunnlag for arbeid med folkehelseoversikta i Vestland og påfølgjande planstrategi og anna planarbeid i både fylket og Bergen kommune. For kommunane i fylket vil undersøkinga vere relevant for folkehelsearbeidet, drift og planlegging innan kommunen sine ansvarsområde som samfunnsutvikling, oppvekst, helse, velferd og kultur.

### **Barnefamiliepanelet**

Deltakarane i undersøkinga blir ein del av Vestland sitt barnefamiliepanel. I Bergen kommune har barnefamiliepanelet gått i tre omgangar sidan 2019. Bergen har i dag landets beste kunnskap om barn og unges fritid – kven som er med eller som manglar, kva det kostar, kva ein kjenner til av tilbod og meir. I tillegg har panelet gitt viktig kunnskap om utviklinga i deltaking under koronapandemien. Neste felt vil gi svar på kven som er tilbake etter korona, og kven som har falt frå.

I år er undersøkinga for første gang utvida til å dekke heile Vestland fylke.

Undersøkinga blir sendt ut frå ein e-post med avsendar Barnefamiliepanelet, og e-postadressa [Vestland.fylkeskommune@confirmit.eu](mailto:Vestland.fylkeskommune@confirmit.eu) for deg som bur i ein annan kommune enn Bergen og [bergen.kommune@confirmit.eu](mailto:bergen.kommune@confirmit.eu) for deg som bur i Bergen.

Bergen kommune gjennomfører undersøkinga med økonomisk og praktisk støtte frå Vestland fylkeskommune.

Vil du vite meir om undersøkinga og barnefamiliepanelet, sjå [vestlandfylke.no/barnefamilie](http://vestlandfylke.no/barnefamilie) og [Bergen kommune - Barnefamiliepanelet](#).

**Kontakt:**

- Bergen kommune: William Hazell, seksjonssjef analyse og strategi, tlf 926 49 825
- Vestland fylkeskommune: Jannicke Holmseth Bukve, rådgjevar, seksjon for statistikk, kart og analyse, tlf: 484 948 06